
Saksnr: 2021/19771-1
Saksbehandlar: Guro Kjellerød

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Prinsipp - val av skulenamn på nye vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune**Forslag til innstilling**

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.
2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.
3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

Samandrag

For namnesetjing av vidaregåande skular må fylkeskommunen rette seg etter Lov om stadnamn og Forskrift om skrivemåte av stadnamn.

Det vanlegaste og tilrådde mønsteret for namnesetjing av fylkeskommunale og kommunale institusjonar og tiltak er å nytte eit tradisjonelt stadnamn som første del av namnet og eitt eller fleire namn som fortel kva slags institusjon det er som andre del eller hovudledd, t.d. Åsane vidaregåande skule og Sogndal vidaregåande skule. Det stadnamnet som går inn i skulenamnet bør fortelje noko om geografisk plassering i Vestland fylkeskommune. Ein kan nytte namnet på kommunen eller byen der skulen ligg. I kommunar eller byar der ein har fleire skular, vert det naturleg å nytte bydelsnamn eller tettstadsnamn.

I særskilde høve bør det opnast for at skular kan nytte andre typar namn som til dømes personnamn, jf. Amalie Skram vidaregåande skole og Nordahl Grieg vidaregåande skole. Dette vil berre vere aktuelt i større kommunar med fleire vidaregåande skular. Ved slike høve må det grunngjevast kvifor stadnamn ikkje vert nytta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kjølvatnet av kommunesamanslåing og fylkessamanslåing i Vestland tilrår fylkesrådmannen at det vert oppretta retningslinjer for namnesetjing av vidaregåande skular i Vestland. Det er viktig at alle nye namn vert handsama likt.

Vestland fylkeskommune sin investeringsplan viser at det vil vere nokre skular som vert samanslått medan andre vert flytta, eller bygd nye, dei neste fem-seks åra. Eit eksempel på skular som er vedteken samanslått er dei to skulane i Førde, Hafstad vgs og Mo og Øyrane vgs.

For namnesetjing av vidaregåande skular må fylkeskommunen rette seg etter Lov om stadnamn (stadnamnlova) og Forskrift om skrivemåte av stadnamn. Lova seier at den vanlegaste og tilrådde mønsteret for namnesetjing av fylkeskommunale og kommunale institusjonar og tiltak er å nytte eit tradisjonelt stadnamn som første del av namnet og eitt eller fleire namn som fortel kva slags institusjon det er, som andre del eller hovudledd, t.d. Odda vidaregåande skule og Sogndal vidaregåande skule. Det stadnamnet som går inn i institusjonsnamnet, viser oftast til kommunen eller bygda/tettstaden der institusjonen ligg. Det gjeld særleg når institusjonen er den einaste i sitt slag i kommunen.

Fylkesrådmannen meiner at i dei fleste tilfelle vil ein praksis der ein nyttar stadnamn etter mønsteret over, vere det korrekte. I særskilde høve bør det opnast for at skular kan nytte andre typar namn som til dømes personnamn, jf Amalie Skram vidaregåande skule og Nordahl Grieg vidaregåande skule. Dette vil berre vere aktuelt i større kommunar med fleire vidaregåande skular. Ved slike høve må det grunngjevast kvifor stadnamn ikkje vert nytta. Eit anna eksempel er namn med ei historisk tilknytning; Bergen Katedralskole er eit slikt døme.

Alle statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som skal vedta skrivemåte av stadnamn, skal leggje saka fram for stadnamntenesta. Det er departementet som nemner opp stadnamnkonsulentar til stadnamntenesta, som igjen er organisert under Språkrådet. Stadnamnkonsulentane gir råd om skrivemåten av stadnamn, men kan og gje råd om namnsetjing. Reglane om høyring ved fastsetjing av stadnamn er fyrst og fremst knytt til skrivemåten av namna. Når det gjeld val av namn på gater og vegar og andre kommunale anlegg, er det ikkje lovfesta nokon eigen høyringsrunde.

Det vanlege er likevel at namna vert lagt ut på høyring slik at lokale organ og grupper som bydelsutval, grendelag, tilsette ved skulane og liknande får utale seg.

Forskrift om skrivemåte for stadnamn skildrar også saksgang for namnesetjing. Saksgang for namnesetjing av vidaregåande skular i Vestland vil sjå slik ut:

Retningslinjer

- a) Avdeling for opplæring og kompetanse førebur sak om namn på den aktuelle vidaregåande skulen.
- b) Forslag til namn og grunngjeving vert gjort kjend for, ved direkte brev, til skulen og den aktuelle vertskommunen.
- c) Alle andre vert invitert til å uttale seg ved at framlegg til namn vert lagt ut til open høyring, som vert kunngjort på www.vestland.no
- c) Høyringsfrist vert sett til minimum 8 veker.
- d) Fylkeskommunen v/administrasjonen sender også forslag til nytt namn til Språkrådet. Namnekonsulenttenesta gir tilråding om skrivemåte til vedtaksorganet.
- e) Dersom ein skule skal endre namn, må skuleleiinga gjennomføre møte med dei tilsette ved skulen for å informere og innhente fråsegn innan høyringsfristen.
- f) Fylkesadministrasjonen lagar ei sak som vert lagt fram for fylkestinget som fattar vedtak.
- g) Melding om vedtak vert sendt til dei med klagerett, jf.Forskrift om skrivemåten av stadnamn § 9.

h) Eventuelle klager på vedtak skal leggest fram for fylkestinget. Fylkestinget skal vurdere klagen og enten endre vedtaket eller sende saka til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd. Administrasjonen sender kopi til klagaren.

i) Klagenemnda gjer vedtak og sender melding til fylkestinget og dei som er part i saka.

j) Fylkesrådmannen gjer dei nødvendige tiltak for iverksetjing av vedtaket.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jamfør reglement for fylkestinget punkt 2.1.2

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen effekt

Klima:

Ingen effekt

Folkehelse:

Ingen effekt

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ingen effekt